



Romarheim AS
Alvervegen 25
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1268 - 18/14937

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
07.05.2018

Førerels svar med trøng for tilleggsdokumentasjon - gnr 195/47 Leiknes

Tiltak: bustad
Byggjestad: Gbnr: 195/47
Tiltakshavar: Trygve Andås
Ansvarleg søker: Romarheim AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.04.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi har følgjande merknader:

Utnyttingsgrad

Oppgitt utnyttingsgrad på 25 % BYA er rekna ut på grunnlag av tomtearealet i sin heilskap og ikkje den delen av tomten som er avsett byggjeområde. Den del tomta som er avsett til samferdselstiltak skal ikkje inngå som grunnlag for utrekning av utnyttingsgrada.

Utnyttingsgrada vil bli for høg når ein legg til grunn for utrekninga den del av tomtearealet som er avsett til bustadbygging. Tiltaket må endrast i tråd med reguleringsplanen sine bestemmelser om utnyttingsgrad.

Regulert byggiegrense

Ut frå situasjonsplanen går det fram at overbygd terrasse i nordre hjørne av bustaden er plassert i strid med regulert byggiegrense. Tiltaket må endrast i tråd med byggiegrensa.

Avkjørsla

Eigedomen har avkjørsle til privat veg. Det må gå fram av situasjonsplanen at avkjørsla er prosjektert i samsvar med Normal 100, tidlegare handbok 017, jf § 3.1 i føresegnene til planen.

Vegrett

Det går fram av søknaden at det ligg føre tinglyst vegrett. Vegrett er ikkje dokumentert og slik dokumentasjon må ettersendast.



Murar

Det ligg føre erklæring om plassering av støttemurar inntil 0 meter frå nabogrense. Etablering av støttemurar må gå tydeleg fram av situasjonsplanen og nødvendig teikningsdokumentasjon må leggjast ved.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.06.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden. Vi gjer merksam på at kommunen kan handsama søknaden om riving av eksisterande fritidsbustad som eiga sak dersom det er ønskjeleg.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkinger i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Trygve Andås	Storneset 33	5915	HJELMÅS
--------------	--------------	------	---------

Mottakarar:

Romarheim AS	Alvervegen 25	5911	ALVERSUND
--------------	---------------	------	-----------